

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
20171646Oppdragsnr
2017043

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Mjåtveitstø 12	22	82	0	0	Leganger Frode (Hjemmelshaver)
Mjåtveitstø 12	22	82	0	0	Leganger Mariann G (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvika:	Dato	Kl	Stad
	21.09.2017	09.30	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining			
<input type="checkbox"/> Grunneigedom	<input type="checkbox"/> Festegrunn	<input type="checkbox"/> Anleggseigedom	<input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn				
<input type="checkbox"/> Grensejustering	<input checked="" type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense	<input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige	<input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn
<input type="checkbox"/> Arealoverføring	<input type="checkbox"/> Anna			

Forklaring
Klarlegging av grensa for 22/82 mot 22/28 og 22/45. I tillegg mogleg grensejustering mellom 22/28 og 22/45.

Saks-behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
Rekvirent Leganger Frode Leganger Mariann G			Rekvisisjonsdato 11.09.2017

Habilitet

Landmålaren sitt namn
Per Atle Sæle

<input type="checkbox"/> Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.		
<input checked="" type="checkbox"/> Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga?	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varsel om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt fram møte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
82-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Eksist. grense nedsatt på nytt			
45-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Nytt grensemerke			
45-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Nytt grensemerke			
45-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Nytt grensemerke			
QP1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
QP3	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
2228-2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Steingjerde	Gjenfunnet			
22823	Gjerdestolpe Nedsatt i:	Gjenfunnet			

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Eigar av gnr 22 bnr 82 har 11.09.2017 rekvirert oppmålingsforretning med klarlegging av grensa til 22/82 mot 22/28 og 22/45.

Oppmålingsforretning vart halde 21.09.2017. Ved forretninga møtte Frode Leganger for 22/82. Han hadde også med fullmakt frå Mariann Leganger. Ronald Schjelderup møtte for 22/28 og Rune Rading for 22/45, 110.

I forkant av forretninga hadde kommunen rekonstruert og stukke ut felles grensepunkt mellom 22/82, 22/28 og 22/45 med bakgrunn i skylddelingsmål. Grensemerke i steingard, grensepunkt 2228-2, mellom 22/82, 22/28 og 22/254 vart også funne i forkant. I samband med kart- og delingsforretning i 2010 vart det nordre grensepunktet til 22/82 definert til å gå i portsøyla i grensa mot 22/45, grensepunkt 22823. Då vart også grensa til 22/82 justert ved at vegarealet som går langs grensa til 22/45 fram til 22/28 vart overført til 22/82. Arealet utgjør omlag 60 m².

Partane var samde om at grensa til 22/82 mot 22/45 startar i portsøyle (grensepunkt 22823) og går 40,4 m i rett linje i sørvestleg retning til nytt grensemerke i stein (grensepunkt 82-3) i grensa mot 22/28. Vidare i omlag same retning 52 m i rett linje langs grensa til 22/28 til tidlegare nedsett grensemerke i steingard (grensepunkt 2228-2) i grensa mot 22/254.

Grensa mellom 22/28 og 22/45: Kommunen hadde i forkant av forretninga stukke ut grensa slik den ligg i matrikkelkartet. Ronald Schjelderup opplyste at han i 2003 når han kjøpte 22/28 gjekk opp grensa mellom 22/28 og 22/82 saman med dåverande eigarar. Dei oppfatta grensa den gangen til å følgja ei linje "kloss i og parallellt med bakveggen til Øyvind Mjåtveits vedhus (22/45). Kart i frå kommunen i 2003 viser også at linja då gjekk i kanten av vedhuset.

I skyldskiftet til 22/28 står det at det skal vera merkestein i grensa mot bnr 13, men denne var det ikkje råd å finna. Vidare står det at grensa langs bnr 13 er 52 m. Kross i fjell i 22/28 sitt nordvestre hjørne er tidlegare innmålt som grensepunkt 2228-1. Horisontal avstand frå 2228-1 til innmålt gjerdestolpe ved hjørne av vedhus utgjør 52,75m og horisontal avtand til grensa som ligg i kartet utgjør 50,15 m.

Eigar av 22/28 og 22/45 var samde om å justera grensa til å gå omlag 1 m ut frå redskapshuset til 22/28. Grensa går frå grensepunkt 82-3 i rett linje i nordvestleg retning 12,62 m til nytt grensemerke i jord, grensepunkt 45-1. Her vinklar lina mot sør-vest og går 5,49 m til nytt grensemerke i stein, grensepunkt 45-2. Her vinklar lina mot nordvest og går 7,18 m til nytt grensemerke i fjell ved gamal gjerdestolpe i grensa til bnr 13, grensepunkt 45-3.

Dersom ein legg skylddelingsmålet på 52 m på 22/28 til grunn for fastsetning av den gamle grensa mellom 22/28 og 22/45, avgir 22/45 14,7 m² til 22/28 og mottar 19,5 m² frå 22/28.

Før kommunen kan matrikkelføra grensejusteringa må partane godkjenna dei nye grensene ved underskrift på protokollen. Kommunen har retta opp og matrikkelført grensa til 22/82 mot 22/28 og 22/45. Det er skriva ut nytt matrikkelbrev for 22/82 som vert sendt eigar. Når eigar av 22/28 og 22/45 har godkjent grensejusteringa, skriv kommunen ut nye matrikkelbrev for 22/28 og 22/45.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden. To gamle grensepunkt i grensa mot 22/13 er nymålt og retta i matrikkelkartet, grensepunkt QP1 i grensa mot 22/64 (grensemerke i fjell) og grensepunkt QP3 (kross i fjell) i grensa mellom 22/45 og 22/13. Avvik mellom gamle og nymålte koordinatverdiar er på omlag 0,10 m.

Vegrett for 22/28 over 22/82: Ronald Schjelderup opplyste at han hadde ein skriftleg avtale om vegrett over 22/82 frå 2003. Avtalen er underskriven av eigarar av 22/82 og tidlegare eigar av 22/28. Kommunen tilrår at vegretten vert tinglyst.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstillar krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

.....
Grensejusteringa mellom gnr 22 bnr 28 og bnr 45 vert med dette godkjent:

.....
Eigar av gnr 22 bnr 28

.....
Eigar av gnr 22 bnr 45

Sted

Dato

Underskrift

Frekhaug

22.09.2017



Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			